



Gloppen kommune

Møtebok

Utval	Kommunestyret
Møtestad	Runnevang på Rygg
Dato	20.06.2018
Tid	Kl. 09:00 - 14:50

Følgjande medleamar møtte

Leidulf Gloppestad	SP
Magni Aa Berge	SP
Jeffrey Elliott Thomas	SP
Kent Øystein Hjelle	SP
Bernt Reed	SP
Jostein Arne Røyrvik	SP
Vidar Sandal	SP
Per Rune Vereide	SP
Marit Straume	SP
Solveig Lien Gusdal	SP
Svein-Ottar Sandal	KRF
Arnfinn Jørgen Brekke	KRF
Leidulf Rygg Bogstad	KRF
Per Ståle Husevåg	KRF
Audun Mundal	KRF
Frode Fagerli	KRF
Arnar Hans Kvernevik	AP
Liv Petra Holme	AP
Gunnvor Sunde	SD
Edgar Roald Kvernevik	SD
Anniken Rygg	H, ikkje i sakene 34/18 og 36-44/18
Hege Lothe	SV
Mariel Eikeset Koren	MDG

Forfall/møtte ikkje

Olaf Sigurd Gundersen	SP
Venke Kollbotn	KRF
Jan Asle Rustøen	H
Bjarte Gangeskar	V

Følgjande varamedlem møtte

Ola Henning Ommedal	SP
Asbjørn Magne Gjengedal	KRF
Dagfinn Kaspar Nyhammer	H
Bjarte Heggheim	V

Andre som møtte

Jan Kåre Fure, rådmann
Kjell Petter Solhaug, teknisk sjef i sakene 34/18, 42/18 og 43/18
Ann Kristin Moe, avdelingsdirektør ved Nordfjord Folkemuseum i sak 28/18
John Morten Selsvik, dagleg leiar i Gloppen Energi AS i sak 28/18
Ingolf Aagård, styreleuar i Gloppen Energi AS i sak 28/18
Britt Åse Høyvesveen, kommunalsjef i Ringebu i sak 29/18

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Bernt Reed	033/18	Ingen	Heimelen for inhabilitet er kommunelova § 40, nr 3b.

Møteleiar: Leidulf Gloppestad

Underskrift:

Leidulf Gloppestad

Per Rune Vereide

Audun Mundal

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
027/18	Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste
028/18	Referat og orienteringssaker
029/18	Kva kan vi lære av landsbyen Ringebu?
030/18	Val av ny vara i fellesrådet
031/18	Val av ny vara til representantskapet i Stiftinga Norsk Countrytreff
032/18	Ny styrekandidat til Firda Billag AS
033/18	Endring av lokal forskrift for spreiiing av husdyrgjødsel
034/18	Sal av areal i Eidsmona til Hjelmeset Eigedom AS
035/18	Kjøp av areal og opsjonsavtale om kjøp av areal i Valborgkleiva
036/18	Rådmannen si årsmelding for 2017
037/18	Rekneskapen for 2017 - disponering av overskot
038/18	Eigarskapsmelding Gloppen kommune 2017
039/18	Sal av aksjar i Eninvest
040/18	Finansiering barnehageplassar 2018
041/18	Arbeidsgjevarstrategi, lønnspolitikk og livsfasepolitikk for Gloppen kommune
042/18	Bygging av NTU-bygget og godkjenning av avtale med Strukturplast AS
043/18	Orientering om rehabilitering av eksisterande brannstasjon
044/18	Framlegg til uttale/vedtak om digitale læremiddel



Saksnr.	Utval	Møtedato
027/18	Kommunestyret	20.06.2018

Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste

Vedlegg i saka:

26.04.2018 Protokoll - Kommunestyret - 25.04.2018

Ordføreren si tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner møteboka frå sitt møte den 25. april 2018
2. Kommunestyret godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 20. juni 2018

Møteboka frå siste møtet blir lagt fram til godkjenning.

Samstundes ber ordføreren om godkjenning av innkallinga og saklista til dette møtet.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

Til å skrive under møteboka vart valde Per Rune Vereide og Audun Mundal.

KOM- 027/18 Vedtak

1. Kommunestyret godkjenner møteboka frå sitt møte den 25. april 2018
2. Kommunestyret godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 20. juni 2018.

Vedtaket var samrøystes.



Saknr.	Utval	Møtedato
028/18	Kommunestyret	20.06.2018

Referat og orienteringssaker

Rådmannen si tilråding

Rådmannen legg ikkje fram tilråding i saka.

Referatsaker

Tittel

Europeisk mobilitetsuke og bilfri dag
Sogn og Fjordane Energi AS - innkalling og saksdokument
for generalforsamling 21. juni kl 11.00

Avsender/mottakar

Samferdselsdepartementet
Sogn og Fjordane Energi AS

Orienteringssaker:

I tillegg til dei orienteringane som har fått egne saksnummer på saklista, blir det orientering om:

- Planane for eit bevarings- og formidlingbygg for Holvikejekta v/avdelingsdir. Anne Kristin Moe
- NM i friidrett på Byrkjelo 17. til 19. august 2018 v/leiar i hovudkomiteen Rolf Kjetil Egge
- Gloppen Energi AS v/dagleig leiar John Morten Selsvik.

Dei to siste orienteringane blir eller lunsj, ca kl 12:00.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

Innleiingsvis ønskte Anniken Rygg velkomen til Sørstranda og orienterte om aktuelle utviklingsprosjekt/-tiltak på Sørstranda.

Orienteringane som var varsla i innkallinga vart haldne. Helsinga frå Breimsbygda IL vart gjeven av Bjarte Heggheim, om delte ut boka "Idretten i Breim" til alle i kommunestyret.

Med på orienteringa frå Gloppen Energi AS var også styreleiar Ingolf Aagård.

KOM- 028/18 Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.



Saksnr.	Utval	Møtedato
029/18	Kommunestyret	20.06.2018

Kva kan vi lære av landsbyen Ringebu?

Rådmannen si tilråding

Rådmannen legg ikkje fram tilråding i saka.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret vedtok i samband med kommuneplanen sin samfunnsdel begrepet «fjordlandsbyen Sandane». På landsbasis er det fleire tettstader som har valt å profilere seg som landsby i staden for by. Då kommunen inviterte til studietur hausten 2017, besøkte vi to landsbyar – Dokka og Ringebu.

Til kommunestyremøtet har vi invitert Britt Åse Høyvesveen frå landsbyen Ringebu. Britt Åse er kommunalsjef i Ringebu kommune, og har fleire års erfaring i å jobbe med utvikling med utgangspunkt i ein landsbymodell. Formålet med orienteringa er å skape kunnskap om landsbyorganisering og lære av erfaringar som Ringebu har gjort seg. Vi har utfordra Britt Åse til å seie noko om måten dei har jobba med landbyutvikling, samspel mellom landsbyråd og politisk styring, kommunen si rolle i utviklingsarbeid, aktivisering av sentrum og utviklingstrendar som dei jobbar etter no.

Det vert lagt opp til dialog og spørsmål under orienteringa, og vi oppmodar kommunestyret til å førebu seg på spørsmål ein lurar på knytt til landsbyutvikling. Det kan vere interessant å sjå innom nettsida www.ringebu.com.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

KOM- 029/18 Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.



Saksnr.	Utval	Møtedato
068/18	Formannskapet	06.06.2018
030/18	Kommunestyret	20.06.2018

Val av ny vara i fellesrådet

Rådmannen si tilråding

Kommunestyret vel som ny vara for Per Ståle Husevåg i Gloppen kyrkjelege fellesråd. Valet gjeld for resten av denne valperioden.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Peter Lothe, som døydde no i vår, var vara for Per Ståle Husevåg som kommunen sin representant i Gloppen kyrkjelege fellesråd.

Rådmannen har bede valnemnda kome med framlegg om ny vara, og forhåpentlegvis har vi eit framlegg på bordet til møtet i formannskapet den 6. juni.

Formannskapet 06.06.2018

Behandling

Valnemnda gjer framlegg om Liv Petra Aa Holme.

FOR- 068/18 Vedtak

Formannskapet si innstilling

Kommunestyret vel Liv Petra Aa Holme som ny vara for Per Ståle Husevåg i Gloppen kyrkjelege fellesråd. Valet gjeld for resten av denne valperioden.

Vedtaket var samrøystes.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

KOM- 030/18 Vedtak

Kommunestyret vel Liv Petra Aa Holme som ny vara for Per Ståle Husevåg i Gloppen kyrkjelege fellesråd. Valet gjeld for resten av denne valperioden.

Valet var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
052/18	Formannskapet	23.05.2018
031/18	Kommunestyret	20.06.2018

Val av ny vara til representantskapet i Stiftinga Norsk Countrytreff

Valnemnda si tilråding

Kommunestyret frittek Kent Øystein Hjelle frå vervet som vara for kommunen sitt medlem i representantskapet i Stiftinga Norsk Countrytreff og vel Vidar Sandal i hans stad.

Valet gjeld for resten av denne valperioden.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Dagleg leiar i stiftinga har gjort kommunen merksam på at Kent Øystein Hjelle er vald inn i styret for Stiftinga Norsk Countrytreff som representant frå ein av dei andre medlemmene i stiftinga.

Kent Øystein er vara for Audun Mundal som kommunen sitt medlem i representantskapet i stiftinga. Slik rådmannen ser det, bør kommunen velje ein ny vara for å unngå at Kent Øystein kjem i ei dobbelrolle.

Valnemnda er samd i dette og gjer framlegg om at Vidar Sandal blir vald til ny vara for Audun Mundal.

Formannskapet 23.05.2018

Behandling

FOR- 052/18 Vedtak

Valnemnda si tilråding vart samrøystes innstilt.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

KOM- 031/18 Vedtak

Kommunestyret frittek Kent Øystein Hjelle frå vervet som vara for kommunen sitt medlem i representantskapet i Stiftinga Norsk Countrytreff og vel Vidar Sandal i hans stad.

Valet gjeld for resten av denne valperioden.

Valet var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
032/18	Kommunestyret	20.06.2018

Ny styrekandidat til Firda Billag AS

Rådmannen si tilråding

Kommunestyret vel som Gloppen sin kandidat til styret i Firda Billag AS i staden for Mariel Eikeset Koren.

Valet gjeld for resten av denne valperioden.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret valde på møtet den 14. desember 2015 Magni Aa Berge, med Per Ståle Husevåg som vara, som kommunal utsending til representantskapsmøta i Firda Billag AS i denne valperioden. Samstundes sa kommunestyret at Arnfinn Brekke og Mariel Eikeset Koren var kommunen sine kandidatar til styret i billaget. Mariel vart seinare vald inn i styret.

Rådmannen har forstått det slik at Mariel Eikeset Koren ikkje ønskjer å halde fram i styret. Valnemnda er orientert om dette, og vil kome med framlegg om ein ny kandidat til kommunestyremøtet den 20. juni i år.

Rådmannen legg til grunn at Arnfinn Brekke framleis er kandidat. Av likestillingsomsyn bør den nye kandidaten vere ei kvinne for å sikre kjønnsbalansen i styret.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

Valnemnda gjer framlegg om at Arnfinn Brekke er Gloppen kommune sin kandidat til styret i Firda Billag AS når Mariel Eikeset Koren går ut av styret.

KOM- 032/18 Vedtak

Kommunestyret viser til framlegget frå valnemnda og sluttar seg til dette.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
049/18	MULTEK-utvalet	31.05.2018
033/18	Kommunestyret	20.06.2018

Endring av lokal forskrift for spreieing av husdyrgjødsel

Rådmannen si tilråding

I medhald av forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23 tredje ledd fastset kommunestyret at siste frist for spreieing av husdyrgjødsel utan nedmolding i Gloppen kommune blir sett til 20. september.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka gjeld samordning mellom kommunane Eid, Gloppen og Selje av siste frist for spreieing av husdyrgjødsel utan nedmolding og tilpassing til krav om vasskvalitet i vassdraga i kommunen. For Gloppen sin del vil samordninga seie at vår lokale forskrift om siste frist må endrast.

Fakta i saka

Gloppen kommune har i dag lokal forskrift med siste frist 25. september for spreieing av husdyrgjødsel utan nedmolding. Det er no eit ynskje om å samordne fristen mellom kommunane Eid, Gloppen og Selje. Dette er etter rådmannen sitt syn fornuftig og fristen vert foreslegen til 20. september.

Med heimel i forvaltningslova § 37 har framlegget til forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav for Gloppen kommune vore sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Etter at høyringsfristen gjekk ut har det kome uttale frå Breim bondelag og Hyen bondelag. Breim bondelag ser ikkje at 5 dagars innskjerping av spreiefristen vil utgjere noko stort problem. Hyen bondelag ynskjer ikkje at fristen vert endra. Dei ber om at det skal vere mogeleg å få dispensasjon/utsett frist etter søknad dersom ny frist vert vedteken.

Eid kommune har i kommunestyresak 58/18 gjort vedtak om at siste spreiefrist for husdyrgjødsel utan nedmolding vert sett til 20. september.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen viser til forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav, § 23 tredje ledd. Føresegna seier mellom anna følgjande: «*Spredning av gjødselvarer av organisk opphav er kun tillatt i perioden 15. februar til 1. november. Det er ikke tillatt å spre gjødselvarer på snødekket eller frossen mark.*

Spredning utan nedmolding/nedfelling på eng og annen grøde bør gjøres så tidlig i vekstsesongen at det er mulighet for betydelig gjenvekst som høstes eller beites, og skal gjøres senest innen 1. september, dersom ikke noe annet er bestemt av kommunen iht. tredje ledd.»

Etter sentral forskrift er frist for spreieing utan nedmolding sett til 1. september kvart år. Etter § 23 tredje ledd har kommunen fått heimel til å forlenge fristen til 1. oktober gjennom fastsetjing av lokal forskrift.

Gloppen kommune har i dag 25. september som siste frist spreieing av husdyrgjødsel utan nedmolding i si lokale forskrift. Med bakgrunn i gjødselvareforskrifta som seier at det skal haustast eller beitast etter at areala er gjødsla, er det næringsutøvarane sitt ansvar å vurdere potensiale for gjenvekst og bruken av denne. Dersom det ikkje kan påreknast gjenvekst fører dette til avrenning/ureining og følgeleg skal det ikkje køyrast ut husdyrgjødsel. Utkastet til ny gjødselvareforskrift kjem truleg på høyring våren 2018 og i denne kan det kome innskjerpa krav til bruk og utkøyring av husdyrgjødsel. For kommunen sin del er det naudsynt å ha ei lokal forskrift om spreiefrist til ny gjødselvareforskrift er vedteken.

I den grad bøndene ikkje har gjennomført spreieing av husdyrgjødsel innan siste frist i den lokale forskrifta, kan det søkjast om dispensasjon frå denne. Det kan då gjevast løyve til spreieing utan nedmolding fram til 1. oktober. Føresetnaden for å gje dispensasjon er at dei klimatiske forholda tilseier det og dei siste åra har det ikkje vore gjeve mange dispensasjonar. Utsett frist vert gjeve på bakgrunn av innsendt søknad og sakshandsaming. Kvar dispensasjon skal vidare rapporterast til Fylkesmannen.

Denne typen sakshandsaming er ressurskrevjande for både bøndene og kommunen. Det er likevel ikkje ressursbruken som er avgjerande for framlegget for siste spreietidspunkt. Spreieing kan då gjerast fram til dette tidspunkt, så lenge dei klimatiske forholda og vasskvaliteten i kommunen sine vassdrag tillèt det. EU sitt vassdirektiv set krav til vasskvalitet i alle vassforekomstar og for sein spreieing der plantane ikkje er i vekst og kan ta opp næringsstoffa vil lett føre til skadeleg avrenning og brot på desse reglane. Tilskrekkeleg tilvekst og høve til hausting/beiting etter spreieing er eit krav etter gjødselvareforskrifta og EU-direktivet. Spreieinga skal gjerast så tidleg at desse krava vert oppfylte. Det er næringsutøvarane sitt ansvar å vurdere dette.

Gloppen kommune har fleire område der vasskvaliteten ikkje er tilfredsstillande og det talar for å endre fristen til 20. september. Ei innstramming av den lokale forskrifta for Gloppen med fem dagar er kanskje ikkje mykje for å sikre betre vasskvalitet. Likevel kan det vere eit steg på vegen til det framtidige klimasmarte landbruket som Gloppen vert ein del av. Det ligg òg i korta at det skal gode grunnar til for å få dispensasjon etter lokal forskrift.

Det er gjort eit framlegg om samordning av fristen mellom kommunane Eid, Gloppen og Selje. Dette er etter rådmannen sitt syn fornuftig og fristen vert sett til 20. september.

MULTEK-utvalet 31.05.2018

Behandling

Landbrukssjef Trine Alme var til stades under behandling av saka.

KULT- 049/18 Vedtak

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

Vedtaket om at Bernt Reed er inhabil i saka var samrøystes.

KOM- 033/18 Vedtak

I medhald av forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23 tredje ledd fastset kommunestyret at siste frist for spreiring av husdyrgjødsel utan nedmolding i Gloppen kommune blir sett til 20. september.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
081/18	Formannskapet	14.06.2018
034/18	Kommunestyret	20.06.2018

Sal av areal i Eidsmona til Hjelmeset Eigedom AS

Vedlegg i saka:

05.06.2018 Avtale om sal av areal i Eidsmona industriområde
05.06.2018 Kart over Eidsmona, gnr 76, bnr 146 og 149

Rådmannen si tilråding

Kommunestyret godkjenner avtalen om sal av areal i Eidsmona til Hjelmeset Eigedom AS slik den ligg føre.

Kommunestyret ber administrasjonen legge om tilkomstvegen slik at denne blir liggande i samsvar med gjeldane reguleringsplan, og legge fram eiga sak om kostnadene med dette.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka omhandlar sal av to eigedomar i Eidsmona industriområde, som Gloppen kommune kjøpte i 2015 og 2016.

Fakta i saka

Hjelmeset Eigedom AS, org. 997 218 019, ønskjer å kjøpe gbnr. 76/146 og del av gbnr. 76/149 i Eidsmona industriområde. Dette er område som kommunen har kjøpt av Anders Eide (76/146) og Grethe og Lars Eide (76/149).

Gbnr. 76/146 blei kjøpt i den stand det var ved overtakingstidspunktet. Deler av området var då ferdig planert og deler av området (mot aust) har fortsatt overskotsmasse liggande (grus og fjell) som må fjernast før heile eigedomen kan nyttast. Vidare er del av tomt mot nord anten fylt opp med dårleg overskotsmasse, eller så er det ei fjellskjering som må sikrast. Oppfyllingsarbeidet var knytt opp imot driftskonsesjon til tidlegare eigar. Ved sal av denne eigedommen overtar kjøpar alt av overskotsmasse (uavhengig av kvalitet) og ansvaret for sikringsarbeid. I tillegg er det eit areal heilt opp mot E39, som ligg utanfor reguleringsplanen, som også inngår i denne eigedommen.



Bilde 1. Eigedom 76/146 sett mot vest og som syner området som er tilbakefylt med overskotsmasser.

Gbnr. 76/149 består for det meste av store mengder med overskotsmasser av sand/grus og fjell. Det er ikkje gjort noko volumberekning på dette, men rådmannen meiner at bildet under syner omfanget. Tidlegare seljar har ein rett til å ta ut overskotsmasse på eigedommen i ein periode på tre mnd. etter at kommunen har varsla om at dei ønskjer å ta området i bruk. Denne retten er vidareført i ny avtale med kjøpar.



Bilde 2 syner overskotsmasse på 76/149. Bildet er tatt mot aust.

Kommunen er gjort kjend med at delar av tilkomstvegen inn til nemnde eigedommar, ligg på annan manns grunn. Dette bør endrast som følgje av dette salet.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ved kjøp av dei nemnde eigedommane betalte Gloppen kommune følgjande:

Gbnr: 76/146 110 kr/m² + 30 kr/m² = 140 kr/m² (innanfor reguleringsplanen)
 55 kr/m² (utanfor reguleringsplanen)

Gbnr: 76/149 113 kr/m² (innanfor reguleringsplanen)

Vedlagde framlegg til avtale med Hjelmeset Eigedom AS går ut på å selje areala til ca. halv pris. Bakgrunnen for dette er at kostnaden for kommunen med sjølv å fjerne overskotsmasse og sikre areala, blir vurdert som betydeleg større enn kostnaden ved å sette ein redusert pris på arealet.

Rådmannen si vurdering

Ut ifrå det som rådmannen kjenner til har kjøpar tenkt å nytte deler av arealet til å etablere lager for vegsalt, vaskeplass for tyngre anleggskøyretøy, samt å lagre tyngre anleggsutstyr som ikkje er i drift. Sistnemnde blir i dag lagra på ulike plassar, m.a. på industriområdet på Kleivedammen. Sistnemnde har i den seinare tida generert ein del spørsmål til kommunen.

Rådmannein meiner at det er ei god løysing at denne type aktivitet blir etablert på eit industriområde som ikkje ligg så nær busetnar som på Kleivedammen.

Då kommunen kjøpte gbnr. 76/146 var dette i lag med NOMIL og Retura NOMIL og eigedommen var på om lag 30 da. Det er sjølv sagt Gloppen kommune sin del som vi no ønskjer å selje vidare. Arealet på gbnr. 76/149 var på om lag 15,5 da, og her foreslår rådmannen å selje om lag 7 da. Attverande del av gbnr. 76/149 inneheld betydeleg mindre overskotsmasse sett i forhold til det som no blir føreslått seld. Dette kan indikere at det vil kunne vere råd å oppnå ein noko høgare pris på dette attverande område dersom det er nokon som har interesse for det.

Når rådmannen i etterkant ser på avtalane som blei gjort ved kjøp av nemnde areal, kan det stillast spørsmålsteikn med om det blei gjort nøyaktige vurderingar på kostnadene med å gjere områda salsklare. I dette ligg det fjerning av overskotsmasse og sikring av eigedom. Når det no ligg føre ein kjøpar som ønskjer å sjå moglegheit i tomtene som dei er, er rådmannen av den oppfatninga at det

vil vere rett å nytte seg av dette høvet.

Formannskapet 14.06.2018

Behandling

Teknisk sjef Kjell Petter Solhaug var til stades under behandling av saka.

Audun Mundal stilte spørsmål om sin habilitet sidan han er tilsett i Olav Hjelmeset AS.
Formannskapet vedtok samrøystes at Audun Mundal ikkje er inhabil i saka.

FOR- 081/18 Vedtak

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

Sal av areal i Eidsmona, framlegg frå Edgar Roald Kvernevik, Samfunnsdemokratane
Den avtalte salssummen per kvadratmeter skal delast på heile det aktuelle arealet som skal
avhendast slik at den totale salssummen vert den same.

Framlegget frå Edgar Kvernevik vart vedteke med 15 røyster.

Teknisk sjef Kjell Petter Solhaug var til stades under behandling av saka.

KOM- 034/18 Vedtak

Kommunestyret godkjenner avtalen om sal av areal i Eidsmona til Hjelmeset Eigedom AS slik den ligg
føre med den endring som følgjer av framlegget frå Edgar Kvernevik.

Kommunestyret ber administrasjonen legge om tilkomstvegen slik at denne blir liggande i samsvar
med gjeldane reguleringsplan, og legge fram eiga sak om kostnadene med dette.

Vedtaket vart gjort mot ei røyst.



Saksnr.	Utval	Møtedato
080/18	Formannskapet	14.06.2018
035/18	Kommunestyret	20.06.2018

Kjøp av areal og opsjonsavtale om kjøp av areal i Valborgkleiva

Vedlegg i saka:

30.05.2018	Kartvedlegg til avtale
06.03.2018	Avtale om kjøp av areal
18.04.2018	Opsjonsavtale om kjøp av grunn

Rådmannen si tilråding

Kommunestyret godkjenner for sin del vedlagde avtale med Leidulf Djupegot om å kjøpe to parsellar i den opparbeidde delen av Valborgkleiva.

Kommunestyret godkjenner for sin del vedlagde opsjonsavtale med Leidulf Djupegot som sikrar tilgangen på eit nytt potensielt bustadområdeområde i Valborgkleiva.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Saka omhandlar kjøp av to mindre parsellar i Valborgkleiva frå Leidulf Djupegot og samt inngåing av ein opsjonsavtale med Djupegot på eit tredje areal i Valborgkleiva.

Gloppen kommune har snart ferdigstilt utbygginga av det siste boligfeltet som er ferdig regulert. Det står igjen litt asfaltering og oppryddingsarbeid, men sidan det går føre seg ei massiv utbygging er dette arbeidet utsett slik at asfalten ikkje skal bli skada. Som ein del av avslutningsarbeidet ser Gloppen kommune det som føremålstenleg å løyse inn noko areal for å få kontroll over eigarforholda.

Fakta i saka

Den fyrste parsellen (ca. 0,6 daa) er nytta til plassering av ein ny nettstasjon. Ved utbygging av det siste bustadfeltet i Valborgkleiva blei det, i samråd med SFE, gjort ei endring av plassering av ein nettstasjon innanfor sjølve feltet. Denne er blitt plassert på eit friluftsområde, i innersving mellom to ulike vegar. Den eine vegen (veg D) er bygd og går inn til det omtalte bustadområdet, medan den andre vegen (veg A) er planlagt vidare (ikkje bygd) til framtidig utviding av området oppover.

Den andre parsellen (ca. 1,8 daa) er i enden av veg D og nedanfor veg A og grensar mot LNF-området mot sør. Ved avslutning av veg D har det vore nødvendig å utføre eit avsluttande sikringsarbeid, og for å få dette gjennomført måtte vi inn på annan manns grunn. Grunneigar ønskja i dette tilfelle å selje dette området for å få til eit ryddig ansvarsforhold. Nemnde parsell vil også vere aktuell ved bygging av tilkomstveg/utfyllingsområde for ei vidare utviding av bustadfeltet i Valborgkleiva (sjå pkt. om opsjonsavtale). Sidan det då blei liggande igjen eit lite området som ikkje har nokon verdi for grunneigar, har kommunen forhandla fram ein avtale om å kjøpe dette området.

I gjeldane arealdel for kommunen er det sett av eit området (ca. 19 daa) til bustadbygging i Valborgkleiva, som ikkje er ferdig regulert. Dette området vil då vere i forlenginga av veg A. Vedlagt

opsjonsavtale sikrar kommunen retten til dette området i ein periode på 5 år, dvs. ut 31.12.2023, men pliktar kommunen å starte med reguleringsarbeid.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Kostnaden for kommunen er kr 120.000,- (50 kr/m²) i tillegg til kostnader med oppmåling og tinglysing. Kostnadane blir belasta prosjektet med utbygging av Valborgkleiva. Opsjonsavtale har ein innløysingsverdi 50 kr/m², dersom vi vel å nytte oss av denne opsjonen. Kostnadene vil då blir tillagt det prosjektet som skal gjennomføre denne utbygginga.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen meiner at det er ei god løysing at vi har heimelen til dei områda kor vi har tekniske / fysiske installasjonar, eller kor vi kan få dette i framtida. Dette vil gje kommunen ein større trygghet opp imot den daglege drifta og ved framtidig utbygging når det gjeld kostnader og tilkomst.

Rådmannen meiner også at det er i tråd med dei politiske føringane om å ligge i forkant på tilgangen til nye tomteområde, og då er opsjonsavtalar ein god måte å sikre seg denne tilgangen på.

Formannskapet 14.06.2018

Behandling

Teknisk sjef Kjell Petter Solhaug var til stades under behandling av saka.

Framlegg frå **Audun Mundal (Krf)**:

Tillegg siste setning: kommunestyret ber rådmannen førebu ei sak om utviding av bustadfeltet Valborgkleiva basert på intensjonsavtalen med Leidulf Djupegot.

Framlegget fekk tre røyter og fall.

FOR- 080/18 Vedtak

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

Svein-Ottar Sandal (Krf) tok opp att Krf sitt framlegg frå formannskapet:

Tillegg siste setning:

Kommunestyret ber rådmannen førebu ei sak om utviding av bustadfeltet Valborgkleiva basert på intensjonsavtalen med Leidulf Djupegot.

Framlegget fekk 11 røyter og fall.

KOM- 035/18 Vedtak

Kommunestyret godkjenner for sin del vedlagde avtale med Leidulf Djupegot om å kjøpe to parsellar i den opparbeidde delen av Valborgkleiva.

Kommunestyret godkjenner for sin del vedlagde opsjonsavtale med Leidulf Djupegot som sikrar tilgangen på eit nytt potensielt bustadområdeområde i Valborgkleiva.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
073/18	Formannskapet	06.06.2018
036/18	Kommunestyret	20.06.2018

Rådmannen si årsmelding for 2017

Vedlegg i saka:

09.05.2018 Rådmannen si årsmelding for 2017

Rådmannen si tilråding

Kommunestyret tar rådmannen si årsmelding for 2017 til orientering.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Rekneskapen for 2017 blir no lagt fram for kommunestyret og saman med denne legg rådmannen også fram si årsmeldinga for 2017. Årsmeldinga skal gje eit kort resymé av året som gjekk, og er rådmannen si melding til politikarane og innbyggjarane i Gloppen.

Årsmeldinga for 2017 følgjer i hovudsak same mal som dei siste åra. Kapitlet som i fjorårets årsmelding heitte «Kva vi har gjort med utfordringane våre» er endra til «Kva har vi fått til i 2017?» Her melder rådmannen tilbake om arbeidet med dei tre strategiane i kommuneplanen: *I forkant, rike og rasue livsmiljø og næring og arbeid*. I tillegg kjem rådmannen med ei oppsummering av kva vi har gjort på området *bustader og bustadfelt*.

Dei økonomiske tabellane blir berre presenterte i rekneskapsdokumentet.

Årsmeldinga er også sendt kontrollutvalet.

Rådmannen har ingen merknader utover det som står i årsmeldinga.

Formannskapet 06.06.2018

Behandling

FOR- 073/18 Vedtak

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

Framlegg frå **Frode Fagerli (Krf)**:

Tillegg til tilrådinga:

I tillegg til oppsummeringar av hendingar gjennom året, skal framtidige årsmeldingar også omhandle orientering om grad av måloppnåing innanfor aktuelle planområde.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KOM- 036/18 Vedtak

Kommunestyret tar rådmannen si årsmelding for 2017 til orientering.

I tillegg til oppsummeringar av hendingar gjennom året, skal framtidige årsmeldingar også omhandle orientering om grad av måloppnåing innanfor aktuelle planområde.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
074/18	Formannskapet	06.06.2018
037/18	Kommunestyret	20.06.2018

Rekneskapen for 2017 - disponering av overskot

Vedlegg i saka:

09.05.2018 Rekneskap 2017
29.05.2018 Gloppen kontrollutval sin uttale til rekneskapen for 2017

Rådmannen si tilråding

1. Kommunestyret godkjenner kommunerekneskapen for 2017
2. Overskotet på kr 3.260.103,58 blir avsett til disposisjonsfondet
3. Rådmannen får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettendringar i 2018-budsjettet i samsvar med dette.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Rekneskapen for Gloppen kommune for 2017 er no klar til politisk behandling. Det er lovfesta at rekneskapen skal behandlast av kommunestyret innan utgangen av juni kvart år, etter at denne er revidert og behandla av kommunen sitt kontrollutval.

Fakta i saka

Rekneskapen for Gloppen kommune for 2017 er gjort opp med eit overskot på kr 3.260.103,58. Rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat på vel 3,8 millionar. Tilsvarende tal for 2016 var eit overskot på vel 5,9 millionar. Driftsresultatet i 2017 er 0,68 % av sum driftsinntekter. I 2016 var talet 1,12 %. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi sitt 'minstemål' for god og sunn kommunal økonomi er 1,75 %. Dei fire siste åra ser slik ut:

- 2014, - 1,2 %
- 2015, 0,33 %
- 2016, 1,12 %
- 2017, 0,68 %.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Rekneskapen i seg sjølv har ingen økonomiske konsekvensar. Overskotet på vel 3,2 mill. bør avsettast til disposisjonsfondet.

Rådmannen si vurdering

Rekneskapen for 2017 viser det vi veit frå før, at driftsnivået er i høgt med dei løpande inntektene som kommunen har. Det er ein klar samanheng mellom kommunen sine gode resultat på dei fleste tenestemråda og topplasseringa på Kommunebarometeret til avisa Kommunal Rapport og kommunen sin pressa økonomi.

Resultatet i 2017 vart noko betre enn frykta. Vi har hatt stor fokus på den økonomiske drifta av kommunen i mange år, og dette må vi sjølvsagt halde fram med.

Som sagt tilrår rådmannen at overskotet på 3.260.103,58 blir avsett til disposisjonsfondet. Rådmannen ber om fullmakt til å gjere endringar i 2018-budsjetter i samsvar med dette.

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for 2017 ligg ved.

Formannskapet 06.06.2018

Behandling

FOR- 074/18 Vedtak

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

KOM- 037/18 Vedtak

1. Kommunestyret godkjenner kommunerekneskapen for 2017
2. Overskotet på kr 3.260.103,58 blir avsett til disposisjonsfondet
3. Rådmannen får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettendringar i 2018-budsjettet i samsvar med dette.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
054/18	Formannskapet	23.05.2018
038/18	Kommunestyret	20.06.2018

Eigarskapsmelding Gloppen kommune 2017

Vedlegg i saka:

25.04.2017 Gloppen kommune som eigar 2017

Rådmannen si tilråding

Kommunestyret vedtek eigarskapsmeldinga for 2017 slik den ligg føre.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret har vedteke at det skal leggjast fram ei eigarskapsmelding i juni kvart år. Dette er meldinga for 2017.

Fakta i saka

Fakta i saka går fram av eigarskapsmeldinga. Under kvart selskap er det lagt inn rekneskapstal. Der det manglar tal for 2017 er det fordi selskapet ikkje har tala klare enno.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Sal av aksjepostar eller eigedomar kan gje kommunen inntekter. Der kommunestyret gjennom eigarskapsmeldinga opnar for sal av eigedomar eller aksjar, vil rådmannen fremje desse sakene til politisk behandling.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen sine vurderingar går fram av sjølve eigarskapsmeldinga. Eventuelle endringar som vert vedtekne må difor leggast inn som endringar i meldinga. Rådmannen vurderer at det ikkje er behov for endringar i strategien og vil difor tilrå at gjeldande eigarstrategi for Gloppen kommune vert vidareført slik den vart vedteken i 2017.

Formannskapet 23.05.2018

Behandling

FOR- 054/18 Vedtak

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

Eigarskapsmelding, framlegg frå Per Rune Vereide, Senterpartiet
Kommunestyret går inn for å vidareføre eigarskapen i Enivest AS.

Framlegget frå Per Rune Vereide vart vedteke mot to røyster.

KOM- 038/18 Vedtak

Kommunestyret vedtek eigarskapsmeldinga for 2017 slik den ligg føre, med den endring at eigarskapen i Enivest AS blir vidareført.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
055/18	Formannskapet	23.05.2018
039/18	Kommunestyret	20.06.2018

Sal av aksjar i Enivest

Rådmannen si tilråding

Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til å selje dei 31 aksjane kommunen eig i Enivest til best mogeleg pris.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I den vedtekne eigarskapsmeldinga for Gloppen kommune ber kommunestyret om ei sak når det gjeld sal av aksjane kommunen eig i Enivest. Grunngevinga for dette er eigarskapen ikkje oppfyller nokon av føremåla for eigarskap som er vedtekne i eigarskapsmeldinga.

Fakta i saka

Enivest byggjer ut breiband og breibandtenester i Sogn og Fjordane. Selskapet har forretningskontor i Førde med eit avdelingskontor på Sandane. Selskapet har ti eigarar der Sunnfjord Energi (52,5%) og Sogn og Fjordane Energi (38,7%) er dei to største. Gloppen kommune eig 31 aksjar, noko som utgjer 0,2% av aksjekapitalen i selskapet. Enivest er eit solid selskap og kommunen har fått eit samla aksjeutbytte på 33.000 kr for åra 2013-2015. Det vart ikkje betalt ut utbytte for 2016 og 2017.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Eit sal av aksjane vil ha små økonomiske konsekvensar for kommune. Salssummen vert overført til det ubundne investeringsfondet.

Rådmannen si vurdering

Gloppen kommune sin eigarskap i Enivest er historisk betinga og kjem som eit resultat av samanslåinga mellom Firdanett, der kommunen var medstiftar, og Enivest. Det er viktig at vi har lokaleigde selskap som satsar på utbygging av breiband. Sunnfjord Energi og Sogn og Fjordane Energi har meir enn 90 % av aksjane. Dette er gode lokale eigarar. Gloppen kommune sin aksjepost på 0,2% kan ha ein symbolverdi, men rådmannen vurderer denne som liten. Selskapet har levert gode resultat og har gitt kommunen eit samla utbytte på 33.000 kr dei siste fire åra. Det kan difor argumenterast for at vi held fram som eigar fordi avkastinga er god. Det er likevel snakk om små beløp. Ved eit eventuelt sal av aksjane vil noverande eigarar ha forkjøpsrett.

Rådmannen si vurdering er at aksjane bør seljast. Rådmannen ber om fullmakt frå kommunestyret til å selje dei 31 aksjane kommunen eig i Enivest til best mogeleg pris.

Formannskapet 23.05.2018

Behandling

FOR- 055/18 Vedtak

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

Kommunestyret 20.06.2018**Behandling**

På bakgrunn av vedtaket i sak 38/18 vart saka trekt.

KOM- 039/18 Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.



Saksnr.	Utval	Møtedato
025/18	Oppvekstutvalet	30.05.2018
069/18	Formannskapet	06.06.2018
040/18	Kommunestyret	20.06.2018

Finansiering barnehageplassar 2018

Rådmannen si tilråding

Kommunestyret godkjenner at barnehage tilbudet i Gloppen i 2018 blir utvida som vist i rådmannen si saksutgreiing.

Meirkostnaden på om lag kr 1.565.000 blir førebels dekket ved bruk av disposisjonsfondet, men kommunestyret legg likevel til grunn at så mykje som råd av dette beløpet skal finansierast ved omdisponeringar, først om fremst innan oppvekstutvalet sitt budsjettområde.

Rådmannen får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettendringar.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det var for barnehageåret 2018/2019 fleire søkjarar enn det som det var plass til og lagt til grunn i budsjettet for 2018. Samtidig vart det i samband med suppleringsopptaket hausten 2017, ikkje funne nok plassar rundt Gløppefjorden til at alle som ynskte oppstart frå nyttår 2018 og utover.

Fakta i saka

Formannskapet vedtok i sak 123/17 å gje rådmannen i oppdrag å sørge for at kommunen har ledige barnehageplassar tidlegast råd frå årskiftet og fram til nytt barnehageår. Søknaden til nytt barnehageår var og større enn det som låg til grunn i budsjettet for 2018, slik at det har vorte oppretta fleire plassar i nokre barnehagar for å møte søknadane og behova så langt det har latt seg gjere. Nokre barn har og fått tidlegare oppstart enn frå nytt barnehageår som er 15. august.

Frå barnehageåret 2018/2019 vert plasstala slik:

Rygg barnehage 14,2 små og 18,4 store
Nordstranda barnehage 12,2 små og 18,4 store
Nygård barnehage 9 små og 18 store
Austrheim barnehage 8 små og 18 store
Bakkelidgrenda barnehage 12 små og 9,4 store

I dei kommunale barnehagane er plasstala slik pr. dato.

Mona barnehage 29,6 små og 54 store
Breim barnehage 18 små og 44 store
Hyen barnehage

Plasstala er ikkje det same som tal barn, t.d. 60% plass for eit barn vert 0,6 plassar.

Status på opptaket pr.dato er at alle som har søkt har fått plass, og nye søknader etter fristen. Det er

eit barn som har fått tilbod om plass i Breim som primært ynskjer det rundt Gløppefjorden. Vi har ledige plassar i Breim til folk som kjem flyttande og som treng plass. Det er og gjort opptak på plassar frå 1. januar 2019, som vi kjem tilbake til i 2019 budsjettet.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Fleire barehageplassar og tidlegare oppstart kostar i høve det som låg til grunn i budsjettet for 2018. For dei private barehagane gjeld følgjande finansiering for 2018.

Driftstilskot per heiltidsplass

- Små barn kr 201 644,- /år eller kr 16 804,-/mnd.
- Store barn kr 96 429,- /år eller kr 8 036,-/mnd.

Kapitaltilskot per heiltidsplass

- Byggeår før 2008 kr 9200,-/år eller kr 767,-/mnd.
- Byggeår 2008-2010 kr 15 700,-/år eller kr 1 308,-/mnd.
- Byggeår 2011-2013 kr 18 500,-/år eller kr 1 542,-/mnd.
- Byggeår 2014-2016 kr 22 500,-/år eller kr 1 875,-/mnd.

Det er ikkje lett å setje opp eit oversiktleg reknestykke på meirkostnaden. Det som er gjort er rekneskap pr. mai, lagt til kjente kostnader i juni og juli og plasstalet frå august slik det står over. Meirkostnaden på finansiering av kjøp av barnehageplassar hjå dei private barnehagane vert med det kroner 1.233.282,-

For dei kommunale barnehagane er det budsjettert i trå med inntaket, med unntak av i Mona barnehage. I Mona har vi auka kapasiteten med 3 småbarnsplassar. Kostnaden i Mona inkluderar lønn og noko utstyr for å kunne ta imot fleire småbarn. Kostnaden vert kroner 330.000,- for 2018.

Samla vert behovet for auka budsjett kroner 1.563.282,-.

Budsjett-teknisk må dette dekkast av disposisjonsfondet, men rådmannen vil så langt som råd prøve å dekke meirutgiftene innanfor den ramma som oppvekstutvalet har i dag.

Disposisjonsfondet er no på om lag 18,8 mill. Beløpet kjem fram slik:

Saldo pr 31.12.2017	15,7	mill
Overskot 2017	3,3	mill
Budsjettert styrking av fondet	1,7	mill
Budsjettert bruk i 2018	1,9	mill
Saldo	18,8	mill

Rådmannen si vurdering

Viss vi ikkje kan tilby nok barnehageplassar, kan vi gløyme ambisjonane om å vere ein attraktiv tilflyttingskommune. Midlane som trenst til dette må derfor settast av, sjølv om vi no ikkje kan vise til anna budsjettdekning enn bruk av disposisjonsfondet.

Som sagt ovanfor har rådmannen ambisjonar om å dekke inn i alle fall deler av meirkostnaden utan bruk av fondet, men eg kan i dag ikkje peike på kva utgiftspostar som kan reduserast og/eller kva inntekstspostar som kan aukast for å få dette til.

Oppvekstutvalet 30.05.2018

Behandling

OPP- 025/18 Vedtak

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

Formannskapet 06.06.2018

Behandling

Framlegg frå **Bernt Reed (Sp)**:

Siste del av andre avsnitt skal strykast, slik at dette skal lyde:

Meirkostnaden på om lag kr 1.565.000 blir førebels dekket ved bruk av disposisjonsfondet, men kommunestyret legg likevel til grunn at så mykje som råd av dette beløpet skal finansierast ved omdisponeringar.

Framlegget fekk ei røyst og fall.

FOR- 069/18 Vedtak

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

KOM- 040/18 Vedtak

Kommunestyret godkjenner at barnehagetilbodet i Gloppen i 2018 blir utvida som vist i rådmannen si saksutgreiing.

Meirkostnaden på om lag kr 1.565.000 blir førebels dekket ved bruk av disposisjonsfondet, men kommunestyret legg likevel til grunn at så mykje som råd av dette beløpet skal finansierast ved omdisponeringar, først om fremst innan oppvekstutvalet sitt budsjettområde.

Rådmannen får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettendringar.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
010/18	Administrasjonsutvalet	31.05.2018
041/18	Kommunestyret	20.06.2018

Arbeidsgjevarstrategi, lønnspolitikk og livsfasepolitikk for Gloppen kommune

Vedlegg i saka:

24.05.2018	Arbeidsgjevarstrategi
24.05.2018	Livsfasepolitikk
24.05.2018	Lønnspolitikk
24.05.2018	Uttale frå Fagforbundet
24.05.2018	Uttale frå Utdanningsforbundet

Rådmannen si tilråding

Kommunestyret godkjenner arbeidsgjevarstrategien, lønnspolitikken og livsfasepolitikken for Gloppen kommune i samsvar med vedlegga i denne saka. Dokumenta blir gjort gjeldande frå vedtaksdato. Gjeldande lønnspolitisk plan og kompetanse- og rekrutteringsplan utgår frå same dato.

Bakgrunn for saka

Hausten 2016 vedtok administrasjonsutvalet å revidere gjeldande lønnspolitisk plan. Det var også tid for revidering av kompetanse- og rekrutteringsplanen, og kommunen mangla også ein helskapleg overordna arbeidsgjevarstrategi. Rådmannen si leiargruppe vedtok difor å starte eit arbeid med å få på plass ein slik strategi, og sette ned ei arbeidsgruppe til å jobbe fram både denne og personalpolitiske planar nemnt over. Arbeidsgruppa fekk i oppgåve å prøve å samle planane i eitt dokument, evt med nokre vedlegg. Arbeidsgjevarstrategien skulle koordinerast med arbeidet med ny kommuneplan slik at strategien samsvarer med denne.

Saksutgreiing:

Arbeidsgruppa:

Frå arbeidsgjevar:

Rita Lilletvedt, personalsjef (leiar)

Inger Helen Sivertsen, personalkonsulent

Grete Liv Tisthamar, konsulent lønn/personal

Anita Lothe, sektorleiar helse- og omsorg

Per Arne Strand, sektorleiar oppvekst

Bjarte Gangeskar, folkevalt – leiar av administrasjonsutvalet

Frå tilsette:

Tone Morken, HTV Fagforbundet

Kristin Sælen, HTV Utdanningsforbundet

Hildegunn Tviberg, HTV Norsk sjukepleiarforbund

Prosess:

Arbeidsgruppa starta opp i nov/des 2016. Gruppa har hatt 9 møte, og dokumenta vart ferdigsstilt i siste møtet i februar i år. I etterkant har dokumenta vore til gjennomgang i leiargruppa før dei vart

sendt ut på høyring 20. april med svarfrist 15. mai.

Arbeidsgruppa starta først med ei kartlegging for å avdekke hovudutfordringane for kommunen framover: Tilgang på arbeidskraft, evne til å utvikle ein heiltidskultur, rekruttering av leiarar, kompetanseutnytting på tvers og innovasjon og utvikling. Dette utfordringsbiletet danna grunnlaget for utforming av og innhald i arbeidsgjevarstrategien.

Arbeidsgjevarstrategi

Strategien gir overordna føringar for korleis arbeidsgjevarrolla skal utøvast. Den skal stimulere til utvikling av gode tenester for kommunen sine innbyggjarar. Den skal vise retning og prioriteringar for folkevalte, leiarar, medarbeidarar og tillitsvalte inn i eit samfunns- og arbeidsliv i endring. Den skal også medverke til å styrke kommunen sitt omdøme, både internt og i høve til omgjevnadene.

Strategien har følgjande kapittelinnending:

- Innleiing
- Leiarskap og medarbeidarskap
- Arbeidskraft og rekruttering
- Heiltidskultur
- Kompetanse og utvikling
- Mangfald, inkludering og likeverd
- Arbeidsmiljø og nærvær
- Konkurransedyktige vilkår
- Partsamarbeid og medråderett
- Revisjon av planen

Lønnspolitikk:

Arbeidsgruppa har valt å legge lønnspolitikken i eit eige underdokument med bakgrunn i behovet for større detaljeringsgrad. Kapitlet om konkurransedyktige vilkår i strategien ligg som overordna føringar for dokumentet.

Dei vesentlegast endringane i forhold til gjeldande lønnspolitisk plan:

- Ny kapittelinnending og ny struktur. Meir tydeleggjering på enkelte område. Oversikt over stillingsstruktur for kap 3 er teke ut av dokumentet. Under mål og rammer er det teke inn eit punkt om fullmakter. Det er også teke inn eit kapittel om likestilling.
- I gjeldande plan blir kompetansetillegg vurdert i samband med lokale forhandlingar, dette er no endra og skal vurderast før utdanning tek til og om det er avklart gjevast utan forhandlingar.
- Det er gjort ein del endringar mht kva kriterie som kan gje utteljing i lokale forhandlingar. Det er også tatt inn ei målsetning om å tilpasse leiarlønne slik at dei er konkurransedyktige i forhold til dei andre kommunane i Nordfjord.

Livsfasepolitikk:

Også dette dokumentet er eit underdokument til arbeidsgjevarstrategien. Livsfasepolitikken har fokus på å sjå alle tilsette i eit ressurs- og utviklingsperspektiv, herunder legge til rette for at eldre arbeidstakarar kan stå lengre i arbeidet. Dei 3 alternative seniortiltaka i gjeldande kompetanse- og rekrutteringsplan er i all hovudsak vidareført, men med noko meir presisering, og ei omformulering av alternativ 1. Det vil som hovudregel ikkje vere anledning å endre val undervegs.

Andre planar:

Gjeldande kompetanse- og rekrutteringsplan for Gloppen kommune går ut, og er erstatta gjennom kapitlet om arbeidskraft og rekruttering og kapitlet om kompetanse og utvikling i arbeidsgjevarstrategien, og også gjennom livsfasepolitikken. Det er lagt opp til at det skal utarbeidast sektorvise kompetanseplanar.

Høyring:

Saka har vore på høyring hjå organisasjonane og leiarane, med frist 15. mai. Saka var også tema i møte med organisasjonane 3. mai. Det kom inn 2 høyringssvar, eitt frå Utdanningsforbundet og eitt frå Fagforbundet. Dei følgjer som vedlegg i saka. Konkrete endringsforslag er knytt til lønnspolitikken.

Rådmannen har vurdert høyringssvara og meiner at innspela ikkje er av ein slik karakter at det er grunnlag for å sende dokumenta tilbake til arbeidsgruppa for ny gjennomgang.

Utdanningsforbundet kom med forslag om å slette følgjande setning frå avsnittet om kompetansetillegg i lønnspolitikken: «*Det blir som hovudregel ikkje gjeve kompetansetillegg for stillingar som er lønna på topp i tabellen (lektor m/tillegg for undervisningspersonale, mastergrad for andre stillingar)*» Forslaget er tatt til følgje, og setninga er sletta. Dette vil gje ein større fleksibilitet dersom arbeidsgjevar ser eit behov for at tilsette som ligg på topp i tabellen tar tilleggsutdanning. Det vil likevel ikkje bli noko automatikk i at alle som tar tilleggsutdanning får kompetansetillegg, då det alltid skal avklarast med sektorleiar på førehand om utdanninga er relevant og om den skal gje utteljing i form av kompetansetillegg.

Forslag om å utvide stigen for kompetansetillegg til 90 studiepoeng er ikkje teke til følgje. Maks kompetansetillegg vil gje ei lønn som ligg om lag midt mellom stillingsnivåa (varierer noko mellom stillingsnivåa). Dersom det er eit sterkt behov for ytterlegare kompetanse må det evt vurderast om utdanningskravet i stillinga må endrast. Forslaget frå utdanningsforbundet om å slette punktet «*resultat og ekstrainsats*» under kriterium som kan gje utteljing i lokale forhandlingar er heller ikkje teke til følgje.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen konkrete. Arbeidsgjevarstrategien gir overordna føringar og har såleis ingen konkrete økonomiske konsekvensar. Lønnspolitikken seier noko om lønnsfastsetting og prioriteringar, og både denne og livsfasepolitikken er i stor grad i tråd med dagens praktisering.

Rådmannen si vurdering

Utkast til arbeidsgjevarstrategi, lønnspolitikk og livsfasepolitikk er godt forankra gjennom behandling i leiargruppa og gjennom høyringsrunde ute i organisasjonane og hjå leiarane. Utkasta som no ligg føre har såleis vore gjennom ein grundig og god prosess.

Arbeidsgjevarstrategien vil gje overordna føringar for korleis arbeidsgjevarrolla i kommunen skal utøvast. Den viser retning og prioriteringar både for folkevalte, leiarar, medarbeidarar og tillitsvalte. Den vil også medverke til å styrke kommunen sitt omdømme, både internt og i høve omgjevnadene.

Administrasjonsutvalet 31.05.2018

Behandling

Rådmannen la i møte fram eit endringsframlegg for livsfasepolitikken:

Under seniortiltak siste avsnitt før alternativ, endring frå:

Arbeidstakarar som har vore tilsett i Gloppen kommune i minimum 3 år kan ved fylte 62 år velje mellom følgjande alternative tiltak.

til:

Arbeidstakarar som har vore tilsett i Gloppen kommune i minimum 3 år, og er i arbeid i si ordinære stilling, kan ved fylte 62 år velje mellom følgjande alternative tiltak.

ADM- 010/18 Vedtak

Rådmannen si tilråding med endringsframlegg i møtet vart samrøystes innstilt.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

KOM- 041/18 Vedtak

Kommunestyret godkjenner arbeidsgjevarstrategien, lønnspolitikken og livsfasepolitikken for Gloppen kommune i samsvar med vedlegga i denne saka. Dokumenta blir gjort gjeldane frå vedtaksdato. Gjeldande lønnspolitisk plan og kompetanse- og rekrutteringsplan utgår frå same dato.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
082/18	Formannskapet	14.06.2018
042/18	Kommunestyret	20.06.2018

Bygging av NTU-bygget og godkjenning av avtale med Strukturplast AS

Vedlegg i saka:

07.06.2018 NTU-bygget - situasjonsplan og teikningar
09.06.2018 Endeleg utviklingsavtale om NTU-Bygget

Rådmannen si tilråding

1. Kommunestyret viser til rådmannen si saksutgreiing og godkjenner at Gloppen kommune byggjer det såkalla NTU-bygget på Faleideflata innanfor ein totalkostnad på 32,9 mill, pluss moms
2. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil 32,9 mill i lån til prosjektet. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lånet
3. Rådmannen får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettendringar på 2018-budsjettet
4. Kommunestyret godkjenner for sin del vedlagde utviklingsavtale med mellom kommunen og Strukturplast AS.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka gjeld avtale mellom Gloppen kommune og Strukturplast AS om bygging av NTU-bygget på Faleideflata, og oppstart av prosjektet. Avtalen med Strukturplast AS er ein utviklingsavtale som skal bli erstatta av ein leigeavtale når bygget er ferdig.

På møtet i kommunestyremøtet i juni 2017 blei det i sak 036/17 fatta følgjande vedtak:

Kommunestyret er positive til at Gloppen kommune engasjerer seg i bygging av eit utleigebygg til Strukturplast AS på Faleideflata i Mona under føresetnad av at dette kan gjerast innanfor regelverket om offentleg næringsstøtte.

Dersom konklusjonen i det vidare arbeidet blir at kommunen skal bygge og eige utleigebygget, ber kommunestyret rådmannen forhandle fram ein avtale med Strukturplast AS om bygging og drift. Kommunestyret legg til grunn at bygginga av industribygget ikkje har økonomiske konsekvensar for kommunen.

Kommunestyret gjev formannskapet fullmakt til å godkjenne avtalen og oppstart av tiltaket når nærare kostnadsoverslag ligg føre.

Fakta i saka

Gloppen kommune har, i lag med Strukturplast AS, Norconsult og Arkitektkontoret 4B, sidan kommunestyrevedtaket jobba fram eit prosjekt som grunnlag for ein anbuds konkurranse. Gloppen kommune og Strukturplast var samde i innhaldet i dette grunnlaget før utlegging på DOFFIN.

Konkuransegrunnlaget informerte tilbydarane at det ville bli gjennomført avklarings- og dialogmøte med ein eller fleire av tilbydarane, samt at det inneheld eit atterhald om politisk godkjenning.

Ved innleveringsfristen kom det inn seks tilbod på denne totalentreprisen, og etter ein gjennomgang blei to leverandørar forkasta for vidare deltaking i konkurransen. Etter evaluering blei Opal Entreprenør AS på Nordfjordeid innstilt på jobben. Karensperioden går fram til 11.06.2018. Gloppen kommune har gjennomført to avklaringsmøte med den leverandøren som er innstilt på denne jobben for å kome fram til totalentreprisekostnad. I tillegg er det nokre utviklings-, byggherrekostnader og ei forteneste (3,5%) som skal dekkast inn av leigetakar.

Totale investeringskostnader for prosjektet etter avklaringsmøte med entreprenør, samt at utvikling- og byggherrekostnad er inkludert (utan forteneste) er på kr 32.863.011. Reduksjonar etter avklaringsmøte er på kr 2.628.090,-, og denne reduksjonen er inkludert i talet over. Det er ikkje gjort ekstraordinære tilpassingar på bygget for å skreddarsy dette berre mot Strukturplast AS sine behov. Dette med tanke på at bygget skal kunne nyttast av andre aktørar, dersom det skulle bli behov for det.

Tilbydar har i sitt tilbod signalisert at ved ein oppstart i juni 2018, skal bygget vere ferdig i midten av februar 2019. Dvs. at Strukturplast kan vere på plass i løpet av mars 2019.

Det bygget som Gloppen kommune spurde om pris på hadde ei grunnflate på 2.753 m², og har ein overkapasitet i høve til leigetakar behov pr. juni 2018. I tillegg kjem det ein 2. etg. på deler av bygget, slik at totalt areal er på 3.208 m². Sjå vedlagte teikningar.

Strukturplast AS har signalisert at dei har ei smertegrense knytt til årleg leige på 1,3 mill, noko som kan generere ein totalkostnad på dette prosjektet på 31.5 mill, basert på eit annuitetslån med ei lånetid på 40 år. Strukturplast AS ønskjer å inngå ein leigeavtale på 30 år, med ein opsjon på ytterlegare 10 år. Alle driftskostnader skal dekkast av Strukturplast AS og kjem i tillegg til total investeringskostnad. For alle detaljane knytt til utviklingsavtalen, blir det vist til denne.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Slik saka no står, tar kommunen ein netto investeringskostnad på knapt 2,5 mill. som vi ikkje har leigeinntekter på per i dag.

I årsbudsjettet for 2018 er det lagt til grunn at utleigebygget vil koste 26 mill., inkl. moms. Kostnaden er no knapt 41,1 mill. inkl. moms. I årsbudsjettet er det lagt til grunn at bygget ikkje skal påføre kommunen utgifter på drifta. Prosjektet som rådmannen no tilrår, påfører oss renter og avdrag av eit lån på om lag 2,5 mill. så lenge vi ikkje får leigd ut den delen av bygget som Strukturplast AS ikkje leiger frå start av.

For å gjennomføre prosjektet må vi låne 32,9 mill. Dette er 12,1 mill. meir enn lagt til grunn i 2018-budsjettet. Lån til dette prosjektet er ikkje vedteke som ein del av årsbudsjettvedtaket for 2018.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen les i Firda at Strukturplast lovar 15 nye tilsette innan 2020, i tillegg til dei 12 som er tilsett det siste året. Rådmannen registrerer at det går godt med næringslivet i kommunen, og at dei også ser lyst på framtida. Dette er viktig for ein kommunen som Gloppen. Då er utfordringa å få midlane til å strekkje til for alle som ønskjer at kommunen skal legge til rette for ei utvikling av næringslivet. Dette er noko som kommunen har gjort før, og som vi heilt sikkert vil gjere i framtida også, men forhåpentlegvis på andre måtar enn tidlegare. Rådmannen tenkjer her sjølvstøtt på arbeidet med å finne ei anna organisering av denne type tilrettelegging for næringslivet.

Her, som i alle andre prosjekt, har det vore eit ønskje om mest mogeleg til lavast mogeleg kostnad.

Det spesielle i utviklinga av dette prosjektet er at leigetakaren har vore kjent sidan dag ein. Det er ikkje til å legge skjul på at det er blitt jobba mykje for å kome fram til ei semje om korleis vi skal kunne få dette bygget til innanfor det vedtaket som vart gjort i kommunestyret i 2017.

Rådmannen vil skissere to ulike alternative løysingar på prosjektet. Alle beløpa nedanfor er utan moms.

Alternativ 1:

Dette alternativet tek utgangspunktet i at bygget blir noko redusert i omfang, og i dette ligg det at produksjonsarealet blir redusert med 480 m², tilsvarende 2 aksar som har ein verdi på kr 2.413.280,-. Enden av bygget mot sør vil vere klargjort slik at det på eit seinare tidspunkt kan byggast ut dersom det skulle bli behov for dette. Strukturplast AS leiger alt av areal som blir bygd i dette alternativet.

Total byggekostnad	kr	30.449.731
Forteneste, 3,5%	"	1.065.741
Grunnlag for husleige	kr	31.515.471

Som det går fram av reknestykket over, vil Gloppen kommune sitje igjen med ei lita forteneste på dette bygget, og rådmannen meiner då at vi er innanfor reglane om statsstøtte.

Alternativ 2:

Dette alternativet tek utgangspunktet i at heile bygget blir bygd, slik som det er prosjektert. Gloppen kommune leiger då ut areal til Strukturplast AS iht. deira smertegrense og så blir kommunen sitjande med eit restareal som vi kan leige ut til andre aktørar. På denne måten kan vi ta ein endå meir aktiv del i utviklinga av næringslivet i kommunen.

Eit eksempel på dette kan vere at Gloppen kommune blir sittande med 480 m² produksjonsareal og 5 % av kontorarealet (ca. 35 m²) med minimum 3 kontorplassar.

Kostnadsfordelinga mellom Strukturplast AS og Gloppen kommune vil då sjå slik ut:

Strukturplast AS:

Total byggekostnad	kr	30.449.731
- 5% kontorareal	"	401.147
Del av byggekostnad	kr	30.048.583
Forteneste, 3,5%	"	1.051.700
Grunnlag for husleige	kr	31.100.284

Gloppen kommune:

Produksjonsareal	kr	2.413.280
Kontorareal	"	401.147
Del av byggekostnad	kr	2.814.427

Dei økonomiske konsekvensane for Gloppen kommune i alternativ 2, vil då vere knytt opp imot renter og avdrag på 2.814.427, minus fortenesta på 1.051.700, altså kr 1.762.727.

Begge alternativa ligg innanfor smertegrensa for leigetakar, men forskjellen ligg i kva rolle kommunen skal spele i å legge til rette for etablering/utvikling av anna næringsliv i kommunen.

Strukturplast går gjennom utviklingsavtalen inn og garanterer for at dei vil leige heile bygget innan ein periode på 5 år etter overtaking. Med ein slik garanti meiner rådmannen at det er ein liten risiko for Gloppen kommune å gå for alternativ 2.

Satsing på næringslivet er alltid risikofylt. Det er sjølvsagt ingen som kan garantere at kommunen ikkje risikerer noko ved å gjennomføre prosjektet.

Rådmannen ber om kommunestyret si fullmakt på å ta opp inntil 32,9 mill til prosjektet.

Formannskapet 14.06.2018

Behandling

Teknisk sjef Kjell Petter Solhaug var til stades under behandling av saka.

Framlegg frå **Magni Aa Berge (Sp)**:

Som rådmannen si tilråding, men med den endring at alt. 1 blir lagt til grunn for utbygginga.

Framlegget fekk to røyster og fall.

FOR- 082/18 Vedtak

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

Teknisk sjef Kjell Petter Solhaug var til stades under behandling av saka.

Rådmannen viste til notatet som var sendt til kommunestyret om auke av maks. husleige frå Strukturplast AS til 1,4 mill og om kostnaden med serielån kontra annuitetslån til finansiering av prosjektet.

KOM- 042/18 Vedtak

1. Kommunestyret viser til rådmannen si saksutgreiing og godkjenner at Gloppen kommune byggjer det såkalla NTU-bygget på Faleideflata innanfor ein totalkostnad på 32,9 mill, pluss moms
2. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil 32,9 mill i lån til prosjektet. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lånet
3. Rådmannen får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettendringar på 2018-budsjettet
4. Kommunestyret godkjenner for sin del vedlagde utviklingsavtale med mellom kommunen og Strukturplast AS.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
043/18	Kommunestyret	20.06.2018

Orientering om rehabilitering av eksisterande brannstasjon

Vedlegg i saka:

14.06.2018 Ny brannstasjon på Sandane - tomteval (f-sak 63/16)

Rådmannen si tilråding

Kommunestyret tek saka til orientering og ber administrasjonen arbeide vidare med bygging av eit nytt blålysbygg for politi og brann på Faleideflata.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bakgrunnen for denne saka er at kommunestyret i sak 3/18 bad rådmannen å «utarbeide ei sak om rehabilitering / nybygg for brannstasjon uavhengig av politiet og helse si deltaking. Dette skal vere klart som alternativ før kommunestyre eventuelt gjer vedtak om nytt blålysbygg».

Fakta i saka

Politisk orientering

Arbeidet med å sjå på ein alternativ ny brannstasjon, og eit ev. nytt blålysbygg i lag med politiet, har gått føre i over 2 år, med ulike orienteringar til politikarane i Gloppen kommune. I f-sak 15/16 blei det orientert om oppstart av arbeidet med ny brannstasjon. I f-sak 63/16 godkjende formannskapet at Faleideflata var vald som tomt for samlokaliert brann- og politistasjon. Dette vedtaket var samrøystes. I MULTEK-sak 40/17 ble ein mellombels dispensasjon frå gjeldane reguleringsplan innvilga for endring av formål, og i MULTEK-sak, og på kommunestyremøtet den 28. februar (sak 3/18), ny behandling av 2018-budsjettet, blei det sett av pengar til nytt blålysbygg i investeringsbudsjettet.

Arbeidstilsynet gjennomførte eit dokumenttilsyn og la fram sin rapport den 22.02.2017, kor det mest alvorlege avviket er at «Arbeidsgiver skal sørge for å utarbeide plan for tiltak som iverksettes for å hindre eksponering for kjemiske forurensninger i arbeidsmiljøet og forebygge helseskade. Dette skal gjøres i samarbeid med verneombud/ansattes representant.» I grove og korte trekk går dette ut på å etablere betre garderomeforhold med dusj og høve til vasking på brannstasjonen, kor garderobane inkluderer rein og urein sone. Gloppen kommune har fått innvilga ein ny frist for å kome med tilbakemeldingar, inkl. framdriftsplan for heile tiltaket. Ny frist er sett til 01.07.18.

Rehabilitering av eksisterande branngarasje

Gloppen brann og redning er organisert som eit deltidbrannvesen bestående av ca. 40 personar. Hovudstasjonen ligg på Sandane, med understasjonar i Hyen og Byrkjelo.

Dagens brannstasjon, eller branngarasje som den også blir omtalt som, er plassert midt i Sandane sentrum, med ein avstand på 3 meter opp til Grandavegen. Brannstasjonen inneheld ein vognhall med plass til fem bilar, i tillegg til eit lite påbygg som består av to garasjeplassar.

Tomtestorleiken er på 583 m², og nettoarealet på eksisterande bygg er på 290 m². På to av sidene, vest og nord, ligg tomtegrensa heilt i vegglivet, og mot sør og aust, ligg byggegrensa i gjeldane reguleringsplan innanfor bygningslivet. Brannstasjonen har i dag ei utleigeleilegheit i 2. etg. som er utleigd.

Brannstasjonen er påbygd ein gang etter at den stod ferdig, med ca. 60 m², og inneheld to garasjeplassar. Desse blir i dag nytta til oppbevaring av eit beredskapsaggregat og til ein tilhengar med utstyr til overflateredning. I tillegg nyttar Gloppen Røde kors delar av den eine garasjeplassen til sitt utstyr.

Brannstasjonen, har forutan dei manglane som er påpeika av Arbeidstilsynet, også ei utforming og ei plassering som gjer det svært vanskeleg å drifte utstyr og materiell. I ein utrykkingsituasjon køyrer mannskapet rett ut i Grandavegen som då skaper unødvendige farlege situasjonar. Etter ei øving eller ei utrykking, må mannskapet delvis stå i Grandavegen for reingjering av utstyr og køyretøy, noko som igjen kan skape farlege situasjonar. Røykdykkarane har eit avlukke til sitt utstyr, medan anna brannmannskap har sitt personlege utstyr hengane på knaggar på veggane i garasjen i lag med utrykkingskøyretøy.

Saman med Stein Halvorsen Arkitekter AS har vi utarbeidd planar for ein ny brannstasjon, som skal ivareta dei krava som Arbeidstilsynet stiller til garderobe/dusj, rein og urein sone. Direktoratet for sivil beredskap stiller også krav til nødvendig areal for brannpersonell, og dersom dette kravet blir redusert til eit absolutt minimum, **manglar dagens brannstasjon ca. 200 m² i fyrste etg.** Basert på den informasjonen som er gitt ovanfor, er det uråd å utvide eksisterande bygg innanfor eksisterande tomtegrense og eksisterande arealforemål i gjeldane reguleringsplan.

Tilsynet frå Arbeidstilsynet gjaldt ikkje berre hovudstasjonen på Sandane, med omfatta også stasjonane på Byrkjelo og i Hyen, når det gjeld rein og urein sone. Ved planlegging av ny hovudbrannstasjon på Sandane, er det tatt høgde for at understasjonane kan nytte seg av delar av fasilitetane som til dømes grovvask, tørkerom, røykdykkarverkstad. Det er då tenkt at brukt brannbekledning blir køyrt inn til brannstasjonen på Sandane for vask. I dag blir dette utført hjå Mona Vekst.

Dersom noverande brannstasjon skal rehabiliterast til eit nivå som oppfyller krava til Arbeidstilsynet og Direktoratet for sivil beredskap, vurderer administrasjonen det som mest realistisk å bygge om 2. etg. til garderobar og opphaldsrom for personalet. Ei ombygging omfattar at eksisterande 2. etg. må rivast, og byggast opp igjen med ein ny etg. med rett takhøgde, elles vil det ikkje bli tilstrekkeleg areal. Dagens tak er eit valma tak.

Eit grovt kostnadsoverslag ser slik ut:

Rivingsarbeid:	RS	kr	2.000.000
Oppbygging av ny 2. etg:	25.000 kr/m ² x 260 m ²	"	6.500.000
- Garderobe herre/dame (fin/grov)			
- Dusj, toalett, opphaldsrom			
- Verkstad/vaskeri i samband med rein/urein sone			
Plattformheis		"	500.000
Sum			9.000.000
Diverse/uføresett, 10 %			900.000
Sum kalkyle			9.900.000

Denne utbygginga vil vere ei minimumsløysing for å oppfylle krava frå Arbeidstilsynet. Det vil då ikkje vere plass til areal for vasking av slangar, lager for oljelenser, generelt lager, det vil ikkje vere oppstillingsplass for køyretøy ute, ikkje plass for vasking og vedlikehald av køyretøy, og bygningen vil ha tronge portar og ei høgdebegrensing ved innkjøp av nye køyretøy, til dømes høgdeutstyr.

Ei utviding av 1. etg. er ikkje vurdert som ei reelt alternativ, då det er mykje utstyr som då må flyttast til andre lokalitetar som pr. i dag ikkje eksisterer. Sjølv om arealet som blir nytta til aggregat og Røde kors blir tatt i bruk, vil det fortsatt mangle ca. 150 m² for å få på plass ei minimumsløysing. Dersom dette skal leggest til 2. etg. blir dette vurdert som ei kostnadskrevjande løysing.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Grov kalkyle for rehabilitering av eksisterande branngarasje i Sandane sentrum er ca. 10 mill.

I investeringsbudsjettvedtaket 28. februar 2018 er det satt av 40 mill inkl. mva. Disse kostnadane er basert på erfaringstall.

Rådmannen si vurdering

Gloppen kommune gav den 01.02.2018 eit bindande tilbod til Politiets fellesteneste om utleige av lokale til Gloppen lensmannskontor. Rådmannen vil fyrst som sist få presisere at dette tilbodet hadde ALDRI blitt gitt dersom det ikkje hadde vore for ei brei politisk semje om å bygge eit nytt blålysbygg for politi og brann på Faleideflata. Å gje eit tilbod om å bygge eit reint kontorbygg, kun til politiet, har aldri vore eit alternativ for Gloppen kommune. Politiet skriv i si tilbakemelding på vårt tilbod at *"Vi vil med dette meddele at vi ønsker å gå i vidare dialog med Gloppen kommune for å finne en god løysning for Politiet i en samlokalisert løysning hvor vi vil kunne dra veksler på hverandres virksomhet ved hendelser i distriktet"*.

Rådmannen meiner at det er lite framtidsretta for utviklinga av Gloppen brann og redning å tenkje seg ei plassering i dagens branngarasje. Som nemnd tidlegare i saksutgreiinga vil kommunen få ein lite funksjonell brannstasjon ved å investere ca. 10 mill. I utkast til ny områdeåderereguleringsplan for Sandane sentrum (ikkje er lagt ut på høyring) er det foreslått ulike formål for dagens branngarasje (bustad/forretning/kontor, ev. sentrumsformål). Om eksisterande branngarasje vil passe inn i ei utvikling av Sandane sentrum, vil behandlinga av den nye områdeåderereguleringsplanen avgjere.

Ein ny og moderne brannstasjon har tatt høgde for alle dei ulike arbeidsoppgåvene som Gloppen brann og redning står ovanfor gjennom sitt virke og ikkje sette avgrensingar til vidare utvikling. Med god plass i framkant av bygget, vil dei sjølve kunne drifte eige utstyr på ein effektiv og trygg måte utan å stå midt i trafikken. Arealet i framkant av bygget vil også eigne seg godt for mindre øvingar for brannmanskaper, eller samøvingar med andre nødetatar. Ein ny brannstasjon vil også ha tilstrekkeleg med lagerplass til eige utstyr.

Dei førebelse skissene for ny brannstasjon har ikkje tatt høgde for utstyret til Gloppen Røde kors, då det ikkje ligg føre noko avtale mellom Gloppen kommune og Røde kors. Det vil kunne vere plass til å etablere dette innanfor tomtetrensa på eit seinare tidspunkt.

Rådmannen si tilråding

Kommunestyret tek saka til orientering og ber administrasjonen arbeide vidare med bygging av eit nytt blålysbygg for politi og brann på Faleideflata.

MULTEK-utvalet 07.06.2018

060/18 Vedtak

MULTEK-utvalet har ingen merknader i saka.

Vedtaket var samrøystes.

Formannskapet 14.06.2018

Behandling

Teknisk sjef Kjell Petter Solhaug var til stades under behandling av saka.

Til behandlinga i kommunestyret vil f-sak 63/16 om tomtevalet bli lagt ved saka

078/18 Vedtak

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

Teknisk sjef Kjell Petter Solhaug var til stades under behandling av saka.

KOM- 043/18 Vedtak

Kommunestyret tek saka til orientering og ber administrasjonen arbeide vidare med bygging av eit nytt blålysbygg for politi og brann på Faleideflata.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
044/18	Kommunestyret	20.06.2018

Framlegg til uttale/vedtak om digitale læremiddel

Rådmannen si tilråding

Rådmannen legg ikkje fram tilråding i saka.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hege Lothe frå SV har sendt inn dette framlegget til uttale/vedtak i kommunestyret:

Ja til digitale læremiddel på nynorsk

Gloppen kommune vil ha eit godt nynorsk opplæringsmiljø for elevane våre. Etter opplæringslova skal alle læremiddel koma i både nynorsk- og bokmålsversjonar, men med det store tilfanget av digitale læremiddel bryt mange produsentar og skular lova.

Nynorske klasserom vert fylte opp av læremiddel på bokmål. Ifølgje opplæringslova har skuleeigar ansvaret for å oppfylla elevane sine rettar. Nynorskelevane ser mindre av språket sitt rundt seg enn bokmåselevane gjer. Det er difor ekstra viktig at desse får sjå og lesa mest mogeleg nynorsk i opplæringa. Det finst nynorskklasser i 143 av dei 422 kommunane i Noreg. Læremiddel som berre kjem på bokmål, er like ulovlege i nynorsk- som i bokmålsklasserom.

Vi vil difor:

- ikkje kjøpa inn og nytta digitale læremiddel som etter opplæringslova skal finnast på nynorsk
- gje klar melding til tilbydarar om at kommunen ikkje kan gjera innkjøp om læremiddelet ikkje finst på nynorsk
- setja same krav til språk i innkjøp som kommunen gjer av kontorstøtteprogram og administrativ programvare

Kommunestyret 20.06.2018

Behandling

Ja til digitale læremiddel på nynorsk, framlegg frå Hege Lothe, Sosialistisk venstreparti
Gloppen kommune vil ha eit godt nynorsk opplæringsmiljø for elevane våre. Opplæringslova seier at alle læremiddel skal kome i både nynorsk- og bokmålsversjonar. No vert det teke i bruk meir og meir digitale læremiddel og nynorske klasserom vert fylte opp av læremiddel på bokmål.

Nynorskelevane ser mindre av språket sitt rundt seg enn bokmåselevane gjer. Det er difor ekstra viktig at nynorskelevane får sjå og lesa mest mogeleg nynorsk i opplæringa.

Det er nynorskklasser i 143 av dei 422 kommunane i Noreg. Ifølgje opplæringslova har skuleeigar

ansvaret for å oppfylle elevane sine rettar. Læremiddel som berre kjem på bokmål, er like ulovlege i nynorsk- som i bokmålsklasserom.

Vi vil difor:

- > ikkje kjøpe inn og bruke digitale læremiddel som ikkje er på nynorsk
- > gje klar melding til tilbydarar om at kommunen ikkje kan gjere innkjøp om læremiddelet ikkje finst på nynorsk
- > setje same krav til språk i innkjøp som kommunen gjer til kontorstøtteprogram og administrativ programvare

Gløppen kommune krev at Kunnskapsdepartementet sørgjer for at læremiddelprodusentane følgjer lova og såleis sikrar nynorskelevane sine rettar.

Framlegg frå Hege Lothe

Framlegg frå **Per Rune Vereide (Sp)**:

Første >-punkt skal lyde:

- > som hovudregel ikkje kjøpe (...)

Framlegget frå Hege Lothe med endringsframlegget frå Per Rune Vereide vart samrøystes vedteke.

KOM- 044/18 Vedtak

Gløppen kommune vil ha eit godt nynorsk opplæringsmiljø for elevane våre. Opplæringslova seier at alle læremiddel skal kome i både nynorsk- og bokmålsversjonar. No vert det teke i bruk meir og meir digitale læremiddel og nynorske klasserom vert fylte opp av læremiddel på bokmål.

Nynorskelevane ser mindre av språket sitt rundt seg enn bokmåselevane gjer. Det er difor ekstra viktig at nynorskelevane får sjå og lesa mest mogeleg nynorsk i opplæringa.

Det er nynorskklasser i 143 av dei 422 kommunane i Noreg. Ifølgje opplæringslova har skuleeigar ansvaret for å oppfylle elevane sine rettar. Læremiddel som berre kjem på bokmål, er like ulovlege i nynorsk- som i bokmålsklasserom.

Vi vil difor:

- > som hovudregel ikkje kjøpe inn og bruke digitale læremiddel som ikkje er på nynorsk
- > gje klar melding til tilbydarar om at kommunen ikkje kan gjere innkjøp om læremiddelet ikkje finst på nynorsk
- > setje same krav til språk i innkjøp som kommunen gjer til kontorstøtteprogram og administrativ programvare

Gløppen kommune krev at Kunnskapsdepartementet sørgjer for at læremiddelprodusentane følgjer lova og såleis sikrar nynorskelevane sine rettar.

Vedtaket var samrøystes.